

Til Alver kommune.

Skjelanger 09.09.2020.

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommunedelplan Meland i Alver kommune.

Det vert søkt om frådelling av ein parsell på om lag 1000kvm. til bustadføremål frå gnr. 355 bnr. 4 på Skjelanger. Eigar Mette og Kåre Skjelanger. Parsellen er synt på kart i M=1:1000 og M=1:5000.

#### **Kvifor ynskjer vi frådelling av bustadtomt?**

Som eigarar av dette gardsbruket ynskjer vi nå å overlata gardsbruket og drifta av dette til neste generasjon dvs. til vår dotter, mann og deira 2 born. Det er då mest praktisk og ynskjeleg frå vår side at den nye generasjonen overtar nåverande våningshus som bustad. Vi ynskjer då å byggje vår eigen bustad nær opptil dette våningshuset slik at vi og kan hjelpe til med drifta av garden, ferieavløysing m.m. Det er både viktig for oss og bør og vera viktig for fellesskapet, at gardsbruk blir driven på ein god måte og vidareført i same god stand som nå, til neste generasjon. Denne nye generasjonen kan då føre denne arven vidare på ein måte, som er til beste for dei sjølv, lokalsamfunnet, og storsamfunnet.

#### **Plan- og bygningslova sitt formål.**

I formålsparagrafen til lova dvs. Prg. 1 1. linje står:» **Lova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar**» Omsøkt frådelling med bustad vil på alle måtar stetta desse føremåla. Bygginga av bustad er til beste for den einskilde dvs. for nåverande eigar og nye brukarar. Til beste for samfunnet ved at bustadmiljøet og innbyggjartalet i krinsen vert styrka samt at infrastrukturen vert utnytta. Til beste for framtidige generasjonar ved at gardsdrifta vert førd vidare på ein god måte som kan vera med å sikra matproduksjonen i landet og ta vare på kulturlandskap og natur. I prg. 19-2 i Plan -og bygningslova er vilkåra for å gi dispensasjon fastlagd. Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak vilkåra, som det blir gitt dispensasjon frå, eller omsyna til føremålsvilkåra i lova, vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må føremonene ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det og leggjast vekt på mogelege konsekvens for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge. I tillegg skal og statlege og regionale rammer og mål leggjast særleg vekt.

#### **Tilhøve til overordna planar m.m.**

I kommuneplanen for Meland ,som nå er ein delplan for Alver kommune, er området avsett til LNF-område. I føresegnene for spreidd busetnad i kommuneplanen er det fastsett at det i Skjelangerområdet kan byggjast inntil 4 bustader utan regulering. Plassering av slike bustader bør skje i nærleiken av eksisterande bustader og med utbygd infrastruktur og utan at parsellen tar i bruk produktiv mark. Omsøkt parsell stettar alle desse krava. Slik sett skulle omsøkt bustad kunne komme inn under denne regelen i føresegner til kommuneplanen og såleis sleppe å søke om dispensasjon. I plankartet for arealdelen i kommuneplanen er desse 4 bustadene plassert ein annan stad enn omsøkt parsell. Dette bør likevel ikkje vera til noko hinder for omplassering av ein parsell, slik at han kjem på omsøkt stad. Ein stad som stettar alle krav til ein bustadplassering som er i samsvar med dei krava som er sett ved plassering av dei 4 parsellane i plankartet.